

INNKALLING TIL MØTE I UTVAL FOR EIGARSKAPSMODELLAR - NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Det vert med dette kalla inn til møte nummer seks i utvalet.

Tid: Torsdag 15. februar 2018 kl. 10.00-12.00

Stad: Prosjektorganisasjonen/ fellesnemnda sine lokale på Skjenet 2 på Straume

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling, sakliste, m.m.
2. Referat- og orienteringssaker
3. Tilbakemelding frå infomøte med selskap/interesseorg. m-fl.- torsdag 15. februar
4. Rapportutkast versjon datert 08.02.2018- drøfting
5. SWOT-analyser og vekting av ulike modellar – tidlegare utsendt, vert utdelt tillegg i møtet
6. Eventuelt

Vedlegg til dette møtet:

- Referat frå møte i UFE dat 25.01.2018
- Rapportutkast versjon 08.02.2018
- Møteinvitasjon til selskap, stifting og andre 15.02.2018

Som de ser skal det vera ein times orienteringsmøte for aktuelle og involverte selskap m. fl. før

utvalsmøtet startar kl 10.00 . Utvalsmedlemmane må gjerne også vera til stades her.

I vedlagte Rapportutkast 08.02.2018 , er det skrive ein del tillegg og gjort redaksjonelle endringar frå administrasjonen si side. Alt er merka med **raud skrift (i tillegg til det som stod att frå førre møte)**.

Eg nemner spesielt:

- Det er lagt inn lenker i teksten til alle selskap, stiftingar, organisasjonar, mv. , samt aktuelle lovar som regulerer fagområda

- Nye tekstforslag i kap 4 og, kap 12 (heilt nytt)
- samt ein del einskildplassar i dokumentet er justert/endra

Faste medlemmer som ikkje kan møte, sender ein e-post til underteikna slik at varafolk kan kallast inn.

Vel møtt!

Med venleg helsing
For leiar Atle Dåvøy

Jarle Kåre Oen
Prosjektmedarbeidar/
Sekretær for utvalet



Til:

Alle aktuelle AS, IKS, stiftingar, kommunale føretak, kommunale einingar

Dykkar ref.

Vår ref.

2017/5610 - 2553/2018

Saksb. – tlf.

Jarle Kåre Oen – 55 09 77 36

Dato

01.02.2018

Innkalling til informasjonsmøte torsdag 15.februar kl. 09.00

Utvalet for eigarskapsmodellar kallar inn til eit felles informasjonsmøte på Skjenet 2, på Straume i Fjell kommune, torsdag 15. februar kl .09.00, om arbeidet med eigarskapsmodellar i Nye Øygarden kommune.

Stortinget har vedteke at dei noverande kommunane Øygarden, Fjell og Sund vert slegne saman til Nye Øygarden kommune frå 01.01.2020. Fellesnemnda har politiske valde representantar frå alle dei tre kommunane. Nemnda har, innanfor sitt mandat gitt av Stortinget, i oppgåve å førebu, leggja til rette og vedta rammene for korleis den nye kommunen skal «verta klar». Dette er ei stor oppgåve.

Fellesnemnda har tilsett prosjektleiar, Paul Manger, som frå hausten 2017 har det administrative leiaransvaret for det førebuande arbeidet. Prosjektleiar har også sekretariatsfunksjonen for fellesnemnda og dei ulike utvala og arbeidsgruppene som er sett ned.

Såleis pågår det eit omfattande arbeid med mange prosessar og mange involverte på fleire arenaer fram mot 1. januar 2020. Fellesnemnda har mellom anna oppretta eit **utval for eigarskapsmodellar** for den nye kommunen som fekk slikt mandat :

- Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.
- Utarbeida framlegg til **eigarskapsmodellar** som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde
- Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.

I møte 22. januar 2018 kom fellesnemnda med eit tilleggsmandat til eigarskapsutvalet:

- Utval for eigarskap må gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på tidleg informasjon om utvalet sitt arbeid.
- Fellesnemnda ber utvalet sjå nærare på oppløysing av stiftingar sett i lys av kommunesamanslåinga. Utval for eigarskap må opprette dialog med Fjell bustadstifting med sikte på oppløysing av stiftinga.

I første omgang ønskjer utvalet for eigarskapsmodellar å kalla inn til eit **felles informasjonsmøte på Skjenet 2, på Straume i Fjell kommune, Torsdag 15. februar kl .09.00.**

Styreleiar og dagleg leiar i selskapet/stiftinga/eininga vert kalla inn, men det er fint om dagleg leiar i kvart selskap/stiftinga/eininga informerer om tillyst møtetidspunkt til respektive hovduttillitsvalde i aktuell(e) fagforeining(ar) som organiserer dei tilsette. Dei tillitsvalde er velkomne og invitert til å delta på informasjonsmøtet.

Me ønskjer ei tilbakemelding på oppmøte og kor mange som kjem frå kvart selskap/eining m.v. innan **13. februar**. Samstundes ber me stadfesting på at dei tillitsvalde sine organisasjonar er varsla. Påmeldinga kan sendast til: jarle.oen@nyeoygardenkommune.no eller unni.rygg@nyeoygarden.kommune.no

Intensjonen med møtet er å orientera om «utvalet for eigarskapsmodellar» sitt mandat og framdrift, arbeidet med dei ulike eigarskapsmodellane, i tråd med tilleggsmandatet frå fellesnemnda.

Vel møtt!

Med helsing

Atle Dåvøy
leiar i «Utval for eigarskapsmodellar»

Kari-Anne Landro
nestleiar i «Utval for eigarskapsmodellar»

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Dette brevet er sendt elektronisk til:

Gode Sirklar AS: sverre.k.nilsen@sintef.no

Trigger Jobb AS: oyvind.pettersen@trigger-as.no

FjellVAR AS: postboks@fjellvar.as

Sund VA: postboks@sundva.no

BIR AS: bir@bir.no

CCB Kollsnes AS: post@ccbollsnes.no

Sambygg AS: postmottak@fjell.kommune.no

Øygarden brann og redning IKS: bop@oybr.no

Fjell Bustadstifting: post@bustadstifting.no

Sund eigedomsutvikling KF: mona.rabben@sund.kommune.no

Fjell bustadkontor: june.johannesen@fjell.kommune.no

Tekniske tenester, Øygarden kommune: ramund.skjold@oygarden.kommune.no

(i etterkant er brevet også sendt til eigedomssjefen i Fjell og driftsleiar i Sund)

Hovudorganisasjonar (de kan vera mange fleire som er aktuelle, men kvart selskap/eining informerer desse, jamfør brevet):

Fagforbundet avd. Fjell: fagforbundet@fjell.kommune.no

Fagforbundet avd. Sund: hildegunn.hoyland@sund.kommune.no

Fagforbundet avd. Øygarden: solveig.rong@oygarden.kommune.no

Delta avd. Fjell: rikard.kvaal@fjell.kommune.no

Delta avd Sund: may.b.hansen@sund.kommune.no

Delta avd. Øygarden: anne-grethe.andersen@oygarden.kommune.no

NITO avd. Fjell: einar.lunde@fjell.kommune.no

NITO avd. Sund: nina.glesnes@sund.kommune.no

Akademikerne Fjell: lars.sverre.hausnes@nav.no

Fellesorganisasjonen Fjell: tone.bubandt@nav.no

Akademikerne Sund: mona.rabben@sund.kommune.no

Fagforbundet Askøy (informerer også dei andre aktuelle organisasjonane knytt til Trigger Jobb AS):
lasse.nepstad@askoy.kommune.no